Vestland fylkeskommune

# Orientering – Formannskapet

## Førdepakken - Storehagen–Angedalsvegen - tiltak 9 i Førdepakken og kollektivterminalen

18.09.2025

John Martin Jacobsen, avdelingsleiar

# Prinsippskisse:
## «Storehagen - Gateutforming og kollektivløysingar»




| | |
|---|---|
| 17/2022 | **Moglegheitsstudie Firda Billag og regulering tiltak 9:**<br>**Samrøystes vedtak:**<br>Styringsgruppa ser mogelegheitsstudien som grunnlag for det vidare arbeidet med regulering av tiltak 9. Styringsgruppa ber samstundes om at studien med reguleringsarbeidet så langt vert meldt som eit planfagleg spørsmål til Sunnfjord kommune. |

# Perspektiv frå sør



Vestland
fylkeskommune

# Sykkelsystemet ligg fast




Vestland fylkeskommune




# Kva har skjedd sidan sist

- VLFK har i 2025 overtatt planarbeidet for tiltak 9 og nytt kollektivknutepunkt i Storehagen frå SVV.
- Innkrevingsperioden i Førdepakken er forlenga til 2033.
- VLFK er i prosess med Firda billag om kjøp av aktuelt areal til kollektivknutepunktet. Sikra finansiering i fylkesbudsjettet.
- Statens vegvesen har lagt inn statleg delfinansiering av nytt kollektivknutepunkt i Førde i sin gjennomføringsplan for 2025-2030.

Vestland fylkeskommune

# Status

- Arbeid med reguleringsplan startet av SVV i 2015, overført til VLFK i 2025
- Nytt kollektivknutepunkt er ein del av detaljreguleringsplan for Fv. 601 Storehagen–Angedalsvegen - tiltak 9 i Førdepakken
- Nylig startet opp arbeidet - avhengig av hvor mye VLFK må starte på "nytt" / andre parallelle prosesser i Sunnfjord kommune
- Møte med Sunnfjord kommune 25.08.2025 for å avklare grensesnitt mellom planprosjekta. Dette ble ikkje landa i møtet.
- Avventer med å trykke på «ekstern bistand» knappen til grensesnittet mellom planprosjekta er avklart




Vestland fylkeskommune

# Skisse til framdriftsplan

- Treng tett samhandling med kommunen - prioritet
- Binding mot områdeplan (kan vi jobbe uavhengig? Dvs områdeplanen har et «hull»?)
- Kan redusere tida med 1år+?

## Fremdriftsplan fv 601 Storehagen – Angedalsvegen (tiltak 9)

SK Sunnfjord kommune
VLFK Vestland fylkeskommune

| OPPGAVE | FORVENTET MILEPÆL | ANSVAR |
|---|---|---|
| Prosjektoppstart:<br>Avklaring av bestilling, Internt oppstartsmøte og erfaringsoverføring/møte med SVV. | Vår 2025 | VLFK – forberedelser og intern oppstart |
| 1 Tidligfase / Forprosjekt:<br>Nye målingar/Sitevision (oversikt over dagens situasjon)<br>Prinsipielle løysningar/vurderingar<br>Status andre reguleringsplanar/områdeplan<br>Utgreiingsbehov | Sommar/haust 2025 | VLFK – Vegplanleggjar vurderar prinsipielle løysningar |
| 2 Statusmøte/reoppstart planarbeid med Sunnfjord kommunen:<br>Avklare omfang reguleringsplan, plangrense og grensesnitt mot andre pågåande planar/områdeplanen Førde Sentrum (samarbeidsform)<br>Utarbeiding av detaljreguleringsplan og annet grunnlagsmateriell/rapporter | Haust 2025 – vår 2028 | VLFK / SK<br><br>VLFK (Konsulent) |
| 3 Kunngjering ny oppstart:<br>materiell til oppstart + klargjøre og publisere informasjonsmateriell /internett | Vår/sommar 2026 | VLFK/SK (VLFK skjema og annonsetekst) |
| 4 Offentleg ettersyn:<br>Innlevering 1. gangsbehandling (prosess med kommunen), og høyring | Vår 2028 | VLFK/SK |
| 5 Revidering av planforslaget<br>Innlevering 2. gangsbehandling | Haust 2028 | VLFK (konsulent) |
| 5a Anbefaling / Fremlegg 2. gangsbehandling (kommunal prosess) | Vår 2029 | SK |
| 5b Vedtak 2.gangsbehandling (kommunestyret) | Haust 2029 | SK |
| 5c Kunngjøring av vedtak plan | Haust 2029 | SK |

Vestland fylkeskommune

*«Vi ber difor kommunen tilpasse sentrumsplanen til den pågåande reguleringsplanen for tiltak 9 og kollektivknutepunktet, slik at reguleringsplanen ikkje vert utsett i tid»*




Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Infrastruktur og veg (INV)**


| | |
|---|---|
| **Dato** | 11.09.2025 |
| **Vår referanse** | 2025/51511-1 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Kari Seim |
| **E-post** | Kari.Seim@vlfk.no |
| **Telefon** | |

SUNNFJORD KOMMUNE
Postboks 338
6802 FØRDE

Att.Trond Ueland

**Presisering - Sentrumsplan i Førde - tiltak 9 i Førdepakken - og kollektivknutepunkt i Sunnfjord kommune**

Vestland fylkeskommune visar til møtet med Sunnfjord kommune den 25. august om Sentrumsplan for Førde, tiltak 9 i Førdepakken og kollektivknutepunkt i Storehagen.

Vestland fylkeskommune har nyleg tatt over arbeidet med detaljreguleringsplan for fv. 601 Storehagen frå Statens vegvesen. Nytt kollektivknutepunkt er ein del av planarbeidet. Finansiering av store deler av tiltaket er i Førdepakken. Statens vegvesen har lagt inn statleg delfinansiering av nytt kollektivknutepunkt i Førde i sin gjennomføringsplan for 2025-2030. Vestland fylkeskommunen har over tid vore i dialog med Firda billag om erverv av areal til nytt kollektivknutepunkt i Storehagen.

Som ein av partane, har Vestland fylkeskommune i lengre tid arbeidet med dei 20 tiltaka i bompengeprosjektet i Førdepakken. Samlet er måla i Førdepakken å byggje nye gater, fortau og sykkelvegar som skal danne grunnlag for god byutvikling. Dette er tiltak som Vestland fylkeskommune i samarbeid med Sunnfjord kommune og staten har forplikta seg til å løyse innanfor overordna tidsrammer, midlar og føringar.

Formålet i reguleringsplanen for tiltak 9 - ***Detaljreguleringsplan fv. 601 Storehagen Plan-ID 464720200017***, er å legge til rette for gode trafikksikre løysningar for mjuke trafikantar på strekket mellom Storgata og Angedalsvegen, i tillegg til god framkomme for kollektivtrafikken sentralt i Førde Sentrum. Dette er nedfelt i Førdepakken, forprosjekt og oppstartsmøte med Sunnfjord kommune. Premissane og mål for planen var tydelege da arbeid med reguleringsplanen startet opp i 2015.

Planarbeidet for tiltak 9 har vært krevjande og gått over lengre tid. Ramma og midlane som ligg i Førdepakken må brukast innan oktober 2033. Av fleire årsaker stoppet planarbeidet opp i 2021.

I mellomtida har Sunnfjord kommune satt i gang arbeid med Sentrumsplanen for Førde Sentrum. Både områdeplanen og reguleringsplanen for tiltak 9 skal løyse viktige funksjonar og arealutfordringar i Storehagen-område i Førde [illegible] ynskjer ein samkøyring av dei to planprosessane samt ei omforent framdrifts[illegible] Detaljar [illegible] fylket i eit moglegheitsstudie for Storehagen-Elvetorget. Fylket har forståin[illegible]ngane og måla som ligg i Sentrumsplanen som skal leggje til rette for [illegible]tvikling og styrke Førde sentrum sin identitet og attraktivitet for innbyggarane og næringslivet, men fylket sitt ansvar i denne samanheng begrensar seg til å oppfylle måla i tiltak 9 og arbeid med sjølve kollektivterminalen.

Fylket ser viktigheitene med god dialog med Sunnfjord kommune i den vidare prosessen, men vårt hovudbodskap og posisjon i ein vidare planlegging av Førde sentrum, er at fylket skal legge til rette for gode løysningar for mjuke trafikantar, løyse dei trafikale utfordringane i Storgata-Angedalsvegen, og trygge trafikksikkerheit og arbeid med kollektivknutepunktet. Vi ber difor kommunen tilpasse sentrumsplanen til den pågåande reguleringsplanen for tiltak 9 og kollektivknutepunktet, slik at reguleringsplanen ikkje vert utsett i tid, og at fylket kan forsette arbeidet med planen under dei mål





og rammar som vart avklart til oppstart. Det er og viktig at fylkeskommunen kan fokusere på hovudmåla med reguleringsplanen, som er utvikling av infrastruktur i Førde sentrum og ikkje spørsmål knytt til å transformasjon og byutvikling.

Med helsing

Øyvind Hauge Horge
seksjonsleiar
INV - Planlegging

Kari Seim
Senioringeniør
INV - Planlegging

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

# Knutepunkt i prosess

- Leirvik
- Førde
- Måløy
- Sogndal
- Husnes
- Dale -Vaksdal
- Sandane
- Straume
- Eidfjord
- Kleppestø
- Norheimsund




Vestland fylkeskommune

# Møte i Formannskapet:

# Avklaring mellom reguleringsplanar i Storehagen

- Brev vedr. Presisering - Sentrumsplan i Førde - tiltak 9 i Førdepakken - og kollektivknutepunkt i Sunnfjord kommune sendt 11.09.2025
- Vestland fylkeskommune har nylig tatt over arbeidet med detaljreguleringsplan for fv. 601 Storehagen frå Statens vegvesen. Nytt kollektivknutepunkt er ein del av planarbeidet. **Finansiering av store deler av tiltaket er i Førdepakken. Statens vegvesen har lagt inn statleg delfinansiering av nytt kollektivknutepunkt i Førde i sin gjennomføringsplan for 2025-2030.** Vestland fylkeskommune har over tid vore i dialog med Firda billag om erverv av areal til nytt kollektivknutepunkt i Storehagen. Grunnlagsdata er utdatert og må oppdateres
- **Vårt hovudbodskap og posisjon i ein vidare planlegging av Førde sentrum, er at fylket skal legge til rette for gode løysningar for mjuke trafikantar, løyse dei trafikale utfordringane i Storgata-Angedalsvegen, og trygge trafikksikkerheit og arbeid med kollektivknutepunktet. Vi ber difor kommunen tilpasse sentrumsplanen til den pågåande reguleringsplanen for tiltak 9 og kollektivknutepunktet, slik at reguleringsplanen ikkje vert utsett i tid, og at fylket kan forsette arbeidet med planen under dei mål og rammar som vart avklart til oppstart. Det er og viktig at fylkeskommunen kan fokusere på hovudmåla med reguleringsplanen, som er utvikling av infrastruktur i Førde sentrum og ikkje spørsmål knytt til å transformasjon og byutvikling.**

Vestland
fylkeskommune